



TILBAKEMELDING OM UTFØRT ARBEID

Tiltak: Utbetring av septiktank

ArkivsakID: 18/1805-18/15157

Gbnr: 57/13

Adresse: Sætrevikvegen 30, 5917 ROSSLAND

Eigar/styrar/festar: Jørunn Tøsø og Wenche Husebø

Skjemaet skal sendast straks etter at septiktanken er utbetra til:

postmottak@meland.kommune.no eller til

Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG.

Skal fyllast ut av eigaren av septiktanken:

Kort utgreiing om arbeidet:	
Hull i Septiktank er felta med glassfiber. Arbeidet er utført. Bilder av arbeidet Sendes i egen mail.	
Arbeidet er utført av:	
Stad og dato:	Underskrift:
Bergen, 07-08-2018	Wenche Husebø Jørunn Tøsø



Jorunn Helene Idsø
Botaniker Resvolls G 19
4022 STAVANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1805 - 18/15157

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
04.07.2018

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ileygging av tvangsmulkt på gbnr. 57/13

Saka gjeld

Meland kommune har 06.09.2017 motteke melding frå firmaet Norva24 Vest AS om hol i toppen på septiktanken på eigedommen, gnr. 57, bnr. 13.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og ileygging av tvangsmulkt

Det følgjer av forurensningsloven § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve. Hol i toppen av tanken kan føre til luktproblem frå kummen. Konsekvensane er ubehag for omgjevnadane ved dårleg lukt. Framandvatn kan også bli ført inn til slamavskiljaren. For mykje vatn inn i slamavskiljaren over kort til, kan føre til slamflukt.

I medhald av forurensningsloven § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureining, om å sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i nemnde forhold, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ileygging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøva i lovlege formar.

Varsel om pålegg om retting

Med heimel i forurensningsloven § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta innan 24.09.2018:

Retting må skje ved at septiktanken blir utbetra. For å utbetre septiktanken må du kontakte eit godkjent røyrleggjarføretak eller føretak som har ansvar for tömming av tanken din. Vesentleg reperasjon eller endring av avløpsanlegg er i utgangspunktet eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-1. Dersom du er usikker på om utbetriringa/reperasjonen av septiktanken er eit søknadspliktig tiltak kan du ta kontakt med Meland kommune. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når framandelementet i septiktanken er fjerna.

Dersom forholdet ikkje blir retta innan tidsfristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg dykk å utbetra septiktanken i medhald av forurensningsloven § 7. Pålegg om retting vil i så fall bli gitt i særskild vedtak (eige brev) ved utløp av tidsfristen.

Varsel om ilegging av tvangsmulkt

Med heimel i forurensningsloven § 73 gjev Meland kommune varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom det ulovlege tiltaket ikkje er retta, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette, **innan 24.09.2018**.

Tilbakemelding

Når septiktanken er reparert, må du og eventuelle sameigarar fylle ut det vedlagde tilbakemeldingsskjemaet for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen.

- E-post: postmottak@meland.kommune.no
- Brev: Postboks 79, 5906 Frekhaug

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller du kan sende e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Dine rettar

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Meland kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Skjema for tilbakemelding

Mottakere:
Jorunn Helene Idsø

Botaniker Resvolls 4022
G 19

STAVANGER